



Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:**      **Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen**  
**Møtested:**   Teams  
**Dato:**        11.03.2024  
**Tidspunkt:**   09:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 3/2024	Godkjenning av innkalling		
ST 4/2024	Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - plassering av garnkasse - Leirungsvatnet - Roger Johansen		2024/1082

## **ST 3/2024 Godkjenning av innkalling**



Arkivsaksnummer: 2024/1082-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 05.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval nasjonalparkstyret for Reinheimen	4/2024	11.03.2024

## Reinheimen NP - dispensasjon - 2024 - plassering av garnkasse - Leirungsvatnet - Roger Johansen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt.1.3, bokstav g), får Roger Johansen dispensasjon til å plassere ei ny garnkasse inntil Skjåk jeger og fiskarlag sitt naust ved Leirungsvatnet. Garnkassa skal nyttast til å lagre garn og fiskeutstyr til bruk under garnfiske på Leirungsvatnet.

#### Dispensasjonen til plassering av ny garnkasse er gjevne med følgjande vilkår:

- Garnkassa skal plasserast inntil Skjåk jeger og fisk sitt naust, der den er minst mogleg eksponert / skjemmaende i landskapet.
- Garnkassa skal ikkje overstige 1m<sup>3</sup>. Høgda skal vera inntil 0,8 m. Kassa skal ha ei mørk farge som gjer at den minst mogleg eksponert.
- Garnkassa skal merkast med eigars namn, og ved utplassering skal det sendast bilete og GPS- koordinat til nasjonalparkstyret på e-post: [sfinpost@statsforvaltaren.no](mailto:sfinpost@statsforvaltaren.no), og grunneigar Skjåk Allmenning.
- Dersom garnkassa ikkje lenger er i bruk, skal den fjernast frå verneområdet.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at garnkassa vert fjerna frå verneområdet.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med grunneigar og kommunen.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Søknad om plassering av garnkasse ved Leirungsvatnet, Roger Johansen, 19.01.24

### Saksopplysningar

#### Søknaden

Rogen Johansen søker om dispensasjon til å plasse ei garnkasse ved siden av andre garnkasser ved naustet til Skjåk jeger og fisk ved Leirungsvatnet. Det er søkt om å ha kassa i 10 år, frå og med sommaren 2024.

I søknaden står følgende:

Undertegnede frekventerer området rundt Leirungsvatnet i Skjåk kommune å leier også opphold i naustet til Skjåk jeger og fiskerlag med jevne mellomrom.

Dette ligger i Reinheimen nasjonalpark.

I det perspektivet søker jeg om å få plassere ei garnkasse ved siden av og i lag med andre garnkasser ved naustet til Skjåk jeger og firskarlag på vest, nordvestsiden av Leirungsvatnet.

Søker om 10 år fra og med sommeren 2024. Tanken er en garnkasse med plass til 25 garn og annet nødvendig utstyr minst mulig ruvende i terrenget.

Der plassering er tenkt er det også noen andre garnkasser med samme formål. Legger ved kart med tenkt plassering.


Vedlagt utfyllende info vedrørende omsøkt garnkasse.

Tenkes laget i tre med en nøytral brun farge og plasseres på sørsiden av naustet helt i nærheten av de andre garnkassene som er der. Tenker å finne en plassering innenfor 15 meter fra Naustet til Skjåk jeger og firskarlag.

Der står det vel 4-5 garnkasser fra før.

Innholdet tenkes å være garn og garnutstyr samt annet fiskeutstyr.

Tenker å leie leiekjører via Skjåk Røde kors i forbindelse med annen tur eller eventuelt annen godkjent leiekjører med ledig kapasitet



## Heimelsgrunnlag

### Delegering

I tråd med vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer punkt 6.9, har Nasjonalparkstyret for Reinheimen i styresak 4/2024 delegert myndigheit til arbeidsutvalet (AU) i Reinheimen for å treffe vedtak etter naturmangfaldlova og verneforskriftene i enkeltsaker som ikkje er i konflikt med verneverdiane.

AU-Reinheimen kan gjere vedtak i hastesaker som krev avgjerd før det er aktuelt å kalle inn heile styret, og når forvaltningsplanen gir føringar for utfallet av behandlinga.

Irreversible tiltak som byggjetiltak og terrenginngrep er i utgangspunktet ikkje delegert, men AU-Reinheimen kan i hastesaker behandle mindre tiltak som fasadeendring og andre mindre vesentlege tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.

### Verneformål – forskrift

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep av alle slag, jf. Verneforskrift § 3 pkt. 1.1, herunder anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar.

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3, gje dispensasjon til g) *Oppsetting av kasser for utstyr og proviant ved fiskevatn i Skjåk allmenning*

### Forvaltningsplan

I forvaltningsplan s. 39 står følgjande om garnkasser: **«Garnkasser § 3, pkt 1.3 g.** *Etter søknad er garnkasser tillate sett opp i Skjåk allmenning. Det gjeld følgjande reglar for utforming og bruk:*

*Kasser for utstyr og proviant skal ikkje overstige 1 m3. Største høgde skal ikkje overstige 0,8 m. Kasser for utstyr og proviant skal plasserast minst mogleg skjemmaende og framtrudande i terrenget. Kassene skal plasserast inntil naturleg forhøgdingar som t.d. fjellknauser, større steinblokker og liknande. Synlege flater skal tildekkjast med naturlege materialar i området.*

*Fleire kasser må ikkje koplust saman når formålet er å skape bueiningar. Garnkasser skal registrerast hjå forvaltningsstyresmakta som skal føre kartotek over plasseringa av dei.»*

### Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

### Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

### Vurdering

Føremål med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort samanhengande og villmarksprega fjellområde. Ivaretaking av eit høg fjellsøkosystem, naturmangfaldet, leveområdet til villreinstammen er et sentralt formål med vernet, men og vassdragsnaturen er et viktig formål med vernet.

Verneforskrifta har teke høgde for at det kan vera behov for å plassere nye garnkassar ved fiskevatn i Reinheimen innafor grunn til Skjåk Allmenning. Bruken av området gjennom generasjonar har vore med og gjeve føringar for kva det kan gjevast løyve til. Leirungsvatnet er og eit av dei større fiskevatna i nasjonalparken med lange tradisjonar for garnfiske, og fiske skal kunne utøvast som før. Både grunneigar og Skjåk jeger og fiskarlag ønskjer at det vert fiska på vatn og tjern i området, Skjåk jeger og fiskarlag har også lagt til rette med

utleige av fiskebu, naust og båt ved Leirungsvatnet, jf.foto under. Omfanget er relativt oversiktleg, og behovet er avgrensa til fiskevatn der det er ønskje om garnfiske.



Leirungsvatnet ligg i den sør-austre delen av nasjonalparken, og er eit av dei beste fiskevatna i området. Vatnet er over 2 km<sup>2</sup>, og ligg i det viktigaste våtmarksområde i Reinheimen nasjonalpark med stor regional verdi og av nasjonal interesse. Kunnskapsgrunnlaget i området er godt dokumentert i naturbase, artsbase, gjennom forvaltningsplan og kartlegging. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar gjennom overvaking av området. I rapport nr.6 (2018) om rovfugl/våtmarksfugl i Reinheimen, utarbeidd av Kistefos Skogtenester på oppdrag frå nasjonalparkstyret, er områda kring Leirungsvatnet registrert som sårbare. Det er mellom anna registrert 7 artar av andefuglar på og ved Leirungsvatnet og Råkåvatnet (lenger søraust). Det er viktig å ta nødvendig omsyn til fuglelivet i området. I hekketida, frå etableringsfase i mai/juni, til ungane er ute av reiret i midten av august, er våtmarksfuglane mest sårbare for uro.

Ved plassering av nye kasser må det krevjast at garnkassene vert plassert inntil eksisterande fiskebu / naust for å unngå uro nær eventuelle hekkelokalitetar i eit elles ope og sårbart terreng. Når det gjeld omsynet til villrein så vil ikkje tiltaket vera i konflikt med villrein, så lenge plassering er inntil eksisterande fiskebu/naust og bruken er knytt til fiske som før. Kunnskapsgrunnlaget, jf.naturmangfaldlova (Nml) § 8, er tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk Nml § 9, «føre-var-prinsippet».

Tiltaket vi skape presedens for andre som driv med garnfiske, og som ønskjer å lagre sitt eige fiskeutstyr i kasser. Gjennom forvaltningsplanprosessen er det gjort ei avklaring om at det kan gjevast dispensasjon til oppsetting av nye garnkasser for lagring av utstyr og proviant, avgrensa til fiskevatn på grunneigedommen til Skjåk Allmenning. Omfanget er derfor relativt oversiktleg, og behovet er avgrensa til fiskevatn der dette har vore ein tradisjon før vernet vart oppretta.

Forvaltar har vore i kontakt med Skjåk allmenning i tidlegare saker, og grunneigar har mellom anna gjeve slike signal: *-som regel gjev løyve til utplassering av garnkasse så lenge den glir godt inn i terrenget, har «fjellfargar», følgjer dei retningslinjene som er satt og at kassa blir namna og at det skal haldast ryddig i området rundt. Vi har også hatt med ein passus om at dersom kassa ikkje blir brukt eller ikkje blir vedlikeholde kan allmenninga krevja at eigar fjernar den.»*

Når det gjeld plassering av ny garnkasse ved Leirungsvatnet, så er det søkjar sitt ansvar og avklare tiltaket med grunneigar

Merking av kassane med namn, og informasjon om GPS-koordinatar for plasseringa er samanfallande interesse både for nasjonalparkforvaltning og grunneigar, og det vil gjere det enklare å følgje opp for å hindre at kassar som ikkje vert brukt i samband med fiske, vert ståande og forfalle. Både grunneigar og Nasjonalparkstyret skal kunne krevje at ubrukte garnkasser vert fjerna frå verneområdet når dei ikkje lenger er i bruk.

Belastninga for verneverdiane synest å vera akseptable i dette tilfelle, jf. Nml §§10 og 12. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane. Tiltaket strider ikkje mot verneføremålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig.

### **Motorferdsel**

Utplassering av garnkassa krev motorisert transport og blir behandla som eiga delegert sak, dersom plassering er avklart og det er gjeve dispensasjon. Ved å følgje retningslinene for motorferdsel i forvaltningsplanen, som legg vekt på å unngå køyring som kan uroe reinen unødig, vil ikkje transporten gje varig skade som trugar verneformålet.